



Kvalitetshjem AS
Orrhøyflaten 1
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/345 - 15/2456

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
10.02.2015

Retting av matrikkelgrenser for GBNR 10/45 og 10/61

Meland kommune har fått inn krav om retting av grenser i matrikkelkartet for gnr. 10 bnr. 45 og 61.

Rekvirent av rettinga er Kvalitetshjem AS som eigar av desse eigedommane. Vedlagt kravet om retting er eit kart med innmålte grenser foretatt av Vest oppmåling As, samt skyldskifte for eigedommane. Eigarar til felles grense rundt desse eigedommane har samtykka og signert på at desse målte grensene er dei faktiske eigedomsgrenser.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart-/oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkellova §26.

Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

- Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera desse med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikkelkartet.
- Dersom partane har ulike påstandar kan kommunen ikkje gjennomføra rettinga eller grensa kan verte lagt inn som omtvista grense, dvs fleire aktuelle bruksnummer på same areal.
- Dersom retting av grense ikkje fører fram kan partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dersom partane ikkje er samde er grensepåvising ved jordskifteretten den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart på, eventuelt nymerka og målt på ein ettersideleg måte. Slike forretningar må betalast av rekvirent. Ein gjer merksam på at retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggande som "usikker" grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis vera meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte og merka i marka som gjeld.

Denne rettesaka gjeld:

Eigedommane 10/ 45 og 10/61 låg med usikre grenser i matrikkelkartet.

Då alle partar på førehand har godkjent retting av desse grensene, er rettinga utført i matrikkelen utan eige førehandsvarsel frå kommunen.

Vedlagt ligg utskrift av matrikelbrev med dei retta matrikelgrensene. Heimelshavar til 10/ 45, 61 får utskrive matrikelbrev og heimelshavar til naboeigedommar til grensa som er retta får tilsendt utdrag av matrikelbrevet- det som går direkte på grenseinformasjon.

Ein gjer merksam på at gjennomført retting av matrikelgrenser ikkje fører til endring av eigedommen eller endring av status til grensa, slik at den framleis har statusen «usikker» grense, men med betre nøyaktighet. Det er framleis skyldskiftet og merka i marka som er gjeld.

I samsvar med matrikelova §46 vert de informert om matrikkelføringa, og har høve til å klaga på den etter reglane i forvaltningslova kap IV-VI. Klagefristen er tre veker frå de mottek dette brevet.

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Boligsenteret Bergen Prosjekt AS	Ervikveien 70B	5106	ØVRE ERVIK
Kristin Hopland	Kjedalen 31	5918	FREKHAUG
Roald Hansen	Kjedalen 32	5918	FREKHAUG

Mottakere:

Kvalitetshjem AS	Orrhøyflaten 1	5918	FREKHAUG
------------------	----------------	------	----------